



# Landbrukets nasjonale kulturminnedagar i Vågå

**3.-6. september 2009**

**3. - 4. september**

Landbruksminne og kulturbruk – konferanse om landbruk og kulturminnevern

**5. - 6. september**

Nordheradsstemnet  
Opne publikumsdagar



# Velkomen til Vågå og dei nasjonale kulturminnedagane

## Kjem du – kjem oss!

Landet vårt har vore busett i rundt rekna 8000-10.000 år, og i siste halvdel av denne perioden har det óg vore drive jordbruk. Det er ikkje alltid så lett å sjå kor viktig ulike utviklingstrekk i vår eiga samtid er for den historiske utviklinga i alminnelegheit. Slik var det utan tvil for dei fyrste jordbrukarane som tok til å så og hauste, og å halde buskap. Utviklinga gjekk sakte, og omverda var mykje lik seg når ein gjekk bort, som når ein vart fødd. Likevel vart etableringa av jordbruket eit av dei viktigaste tidskilje i vår historie. Jordbruket vart etter kvart grunnlaget for fast busetting, utvikling av nye tenkemåtar, maktforhold og etablering av bysamfunn og det som vi forstår som sivilisasjon.

I Kulturminneåret 2009 vil vi derfor gjennom eit nasjonalt arrangement fokusere på kor viktig kulturarven frå landbruket er for vår tid, og samstundes vise ein veg framover der denne kulturarven framleis vil vera ein del av samfunnsbygginga.

”Landbruksminne og kulturbruk” har vi kalla fagseminaret vårt – vern gjennom bruk er gjennomgangstonen. Med fagleg sterke innleiarar frå landbruksnæring og reiseliv, frå offentleg forvaltning og forskning vil vi spreie kunnskap og engasjement rundt kulturarven på bygdene. Viktige tema er kulturvern, gardsturisme, handverk, grendemobilisering, identitet, kulturlandskap, kvalitet og gode og gledesfylte opplevingar.

”Nordheradsstemnet” er det andre hovudarrangementet i våre kulturminnedagar. Her inviterer vi til to opplevingsfylte og familievennlege aktivitetsdagar der ein kan ta del i gamle handverk og arbeidsteknikkar, oppleve anlegg for fangst av ulv og sjå tufter etter dei fyrste gardane. Rundt på gardane i Nordherad kan ein få eit direkte møte med gardslivet før og nå, og møte husdyr som ku, geit og hest. Kulturlandskapet og målarakunsten vil bli presentert, og laurdagskvelden vil vi i hop med alle som vil lage ein fest med konsert, matglede og låveball.

Vågå er vertskap for landbrukets kulturminnedagar, og Vågå er rikt på kulturminne, rik på tradisjonar og har verdifulle kulturlandskap \_ særleg Nordherad som er ei landskapsperle av stor nasjonal verdi. Vågå er også eit lokalsamfunn som møter den nye tida med ei offensiv satsing på nettverksbygging, teknologi, kulturliv og næringsutvikling. I Vågå er ikkje ”bruk og vern” berre eit slagord, men ein måte å overleve på der framtid blir bygd på fortid.

Velkome åt dei nasjonale kulturminnedagane i Vågå og Norge!

Rune Øygard  
Ordførar  
Vågå kommune

Ola Chr. Rygh  
Adm.dir.  
Statens landbruksforvaltning

Jon Suul  
Dagleg leiar  
Norsk Kulturminnefond

# Landbruksminne og kulturbruk

## Konferanse om landbruk og kulturminnevern

### Torsdag 3. september

#### 11.00 – 12.00 Kaffe og registrering

#### 12.00 – 14.00 Opning – innleiande tema

- 12.00 Landbrukets kulturminne i kulturminneåret 2009 – *Ola Rygh, SLF*
- 12.40 Velkome åt Vågå – *Rune Øygard, ordførar i Vågå*
- 12.50 Velkome åt Nasjonalparkriket – *Ole Aasaaren, Regionkontoret for Nord-Gudbrandsdalen*
- 13.10 Praktisk informasjon
- 13.20 Norsk kulturminnefond – mål og verkemiddel – *Jon Suul, dagleg leiar Norsk kulturminnefond*
- 13.40 Verdiskapingsprogrammet for kulturminne – børs og katedral! – *Stene Berg, Riksantikvaren*
- 14.00 Lunsj, posterutstilling – ”Gudbrandsdalsmat”

#### 15.00 – 17.00 ”Olavsrosa” – vern gjennom bruk

- 15.00 Ideen / filosofien bak ”Olavsrosa” – *Norsk Kulturarv*
- 15.15 ”Olavsrosa” – inspirasjon og utfordring – *Kai Valbjør, eigar av Valbjør gard*
- 15.50 Spørsmål, diskusjon
- 16.00 Vertskapsrolla – *Øystein Rudi, eigar av Rudi gard*
- 16.20 Løner det seg å satse på kulturminnevern? – *Terje Nypan, Riksantikvaren*
- 16.50 Spørsmål, diskusjon
- 17.30 Fri
- 18.45 Sosialt forspel
- 19.30 Middag - smaken som kulturminne – *Nordre Ekre – kulturelt innslag v/ Ingvill Marit Buen Garnås*

### Fredag 4. september

#### 09.00 – 11.00 Kulturminna – ei reise i tid og rom for norsk landbruk

- 09.00 Kor gamle er gardane? Gardsvald og spor etter dei eldste tufter – *Espen Finstad, fylkesarkeolog*
- 09.20 Mjølkerobot på ein freda gard – kulturminnevern i eit moderne landbruk – *Ola Kvarberg, gardbrukar Nordherad*
- 09.40 Spørsmål, diskusjon
- 09.50 Leve og bu i gamle bygg – gode døme på restaurering og bevaring av autentiske miljø – *Einar Engen, Norsk kulturminnefond*
- 10.10 Bygningsvern og vøling – ein karriereveg – næmingprosjektet – *Arne Olav Kleiven, Senter for bygdekultur*
- 10.30 Frå nedlegging til næringsetablering – *Sverre Sørungård, Stokk og Stein AS*
- 10.50 Spørsmål, beinstrekk – frukt og kaffe

#### 11.00 – 13.00 Levande grender – levande kulturlandskap

- 11.00 Kulturlandskapet – eit kulturminne i endring – *Oskar Puschmann, Skog og landskap*
- 11.20 Kulturlandskapet – noko å ta vare på? – *Maria Laureiro / Ellen Marie Forsberg, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning*
- 11.40 Plantearven – kulturarv frå plantedyrking og hagestell – *Åsmund Asdal, Norsk genressurscenter*
- 12.00 Spørsmål, diskusjon
- 12.10 Eldsjeler og friviljug innsats som sette spor – samfunnsutvikling og korfor vi må bry oss – *Ingvill Marit Buen Garnås, Kulturlandskapscenteret i Telemark*
- 12.30 Det skal bu folk i kulturlandskapet – grendemobilisering i Nordherad – *Einar Hårstad, Nordheradsprosjektet*
- 12.50 Spørsmål og diskusjon
- 13.00 Takk for no – avsluttande kåseri til glede og inspirasjon – *Sjur Harby, Disen kolonial*
- 13.30 Lunsj – Opplæringskontoret Brimi kjøken
  
- 19.00 For dei som skal vera med vidare på Nordheradstemnet:  
Kveldsprogram på Gammel-Kleppe – ordhittuge døler og forteljarkunst m. ”någgå attåt”  
- v/ *Ola Grøslund, Vågå, kr 50 + sal av mat og drikke*



# Nordheradsstemnet

## Opne publikumsdagar

### Laurdag 5. september

09.00 – 11.00 Vågå i Torbjørn Egner sin strekk – frukostkåseri med Turi Egner,Valbjør

11.00 – 17.00

- Nigard Berge: Frå bygg til øl – gamle haustingsmåtar og bruk av korn  
Dyrking og bruk av lin – det gamle handverket
- Valbjør: Jernvinne og smiutorg – det gamle handverket  
Frå ull til klede – det gamle handverket  
Hest og bruk av hestereiskapar – seletøy og salar – turkøyning/guiding  
Skjøtsel av kulturlandskap v landbrukskontoret
- Uppigard Visdal: Langhustufta, omvisning til faste tider
- Jutulheimen: Bygdekunstnarane – maleritstilling
- Ulvegrave: Omvising kvar heile time, P-plass ved Ulvestigen
- Ulvestigen: Vandring langs kulturstigen, P-plass ved Ulvestigen
- Opne gardar Nigard Kvarberg, Ulvsbu, Sygard Valde med tilbod om omvisning, historie, dyr, sal og servering

11.00 – 12.30 Vandringar – utanfor allfarveg, oppmøte Nordherad

14.00 – 16.30 Vandringar – utanfor allfarveg, oppmøte Nordherad

#### **Kveldsarrangement:**

18.30 (retur kl 02.00) Buss frå Vågåmo - Valbjør

19.00 Folkemusikken – dei eldste tonane.Vågå spel- og dansarlag

19.30 Mat og drikke i tunet

21.00 Låveball m køinnbupøbb, Frode, Jan og Pål/Spelmannslaget

### Sundag 6. september

11.00 – 17.00

- Nigard Berge: Frå bygg til øl – gamle haustingsmåtar og bruk av korn  
Dyrking og bruk av lin – det gamle handverket
- Valbjør: Jernvinne og smiutorg – det gamle handverket  
Frå ull til klede – det gamle handverket  
Hest og bruk av hestereiskapar – seletøy og salar – turkøyning/guiding  
Skjøtsel av kulturlandskap, ved landbrukskontoret
- Uppigard Visdal: Langhustufta, omvisning til faste tider
- Jutulheimen: Bygdekunstnarane – maleritstilling
- Ulvegrave: Omvising kvar heile time, P-plass ved Ulvestigen
- Ulvestigen: Vandring langs kulturstigen, P-plass ved Ulvestigen
- Opne gardar Nigard Kvarberg, Ulvsbu, Sygard Valde, med tilbod om omvisning, historie, dyr, sal og servering

11.00 – 17.00 Langtur i Nordheradsfjellet – aktuelle tema vassveiter og sausanking

11.00 – 12.30 Vandringar – utanfor allfarveg, oppmøte Nordherad

14.00 – 16.30 Vandringar – utanfor allfarveg, oppmøte Nordherad

# Påmelding

## Fagkonferansen "Landbruksminne og kulturbruk", påmelding:

A	Heile konferansen (3. – 4.9)	kr 900,- eks mva
B	Dagpakke med middag (3.9)	kr 700,- eks mva
C	Dagpakke utan middag (3.9)	kr 500,- eks mva
D	Dagpakke (4.9)	kr 500,- eks mva
E	Kveldsarrangement (ikkje del av konferansen – 4.9)	kr 50,- eks mva

### Påmelding til:

Vågå kommune  
Edvard Stormsv. 2  
2680 VÅGÅ  
eller e-post: postmottak@vaga.kommune.no  
eller tlf: 61 29 36 20

Merk påmelding med "Landbruksminne 2009" og alternativ A, B, C, eller D (evt. + E).

## "Nordheradsstemnet"

Enkelte aktivitetar kan ha ei avgrensa deltakaravgift.  
Konsert og låveball på Valbjør (inkluderar ikkje mat): kr 250,-  
Førehandssal i servicetorget Vågå kommune eller på billettefon 61 29 36 20

## Overnatting (ordnast av den enkelte):

<b>Vågå Hotell</b> Tlf 61 23 95 50 post@vagahotel.no www.vagahotel.no	Enkeltrom med frukost Dobbelrom med frukost, personpris	kr 850,- /døgn kr 600,- /døgn
<b>Vågå gardshotell</b> Tlf 40 64 14 50 post@gardshotell.no www.gardshotell.no	Rom med frukost, personpris	kr 980,- /døgn
<b>Klones</b> Tlf 61 23 22 00/90 26 77 51 post@klones.no, www.klones.no	Enkelt overnattingstilbod på rom utan frukost, men med tilgang til tekjøken altså sjølvhushald.	Pr dobbelrom med oppredde senger kr 600,- Pr enkeltrom med oppredd seng kr 450,-
<b>Smedsmo camping og fritid</b> Tlf 61 23 74 50 smedsmo@online.no	To store, nye hytter med dusj/WC, to soverom, plass til 10-12 personar, Små leilegheiter med dusj/WC, eitt soverom, plass til 4 personar, To-roms hytter utan dusj/WC til 4 personar Eitt-roms hytter utan dusj/WC til 4 personar	kr 1.600,- kr 800,- kr 500,- kr 450,-
<b>Sygd Storrvik</b> Tlf. 61 23 98 89/91   00 234 lastorr@online.no www.sygd-storrvik.no	Pr. døgn: Olastugu, 2 soverom, 4 sengeplassar, Øisteinstugu 2 soverom, 5 sengeplassar Smiu 2 soverom, 4 sengeplassar Eldhuset 2 soverom, 3 sengeplassar Veslestugu 1 soverom, 2 sengeplassar Lintøy kan leigast for kr 100 pr. pers.	kr 750,- kr 750,- kr 750,- kr 650,- kr 450,-



# Praktisk informasjon

## Transport til/frå Vågåmo:

For ekspressbussar, sjå [www.nor-way.no](http://www.nor-way.no)

For togtider til/frå Otta, sjå [www.nsb.no](http://www.nsb.no)

For lokalbussar, sjå [www.fjord1.no](http://www.fjord1.no)

